



Innbyding til SSF karusell Jølstrasprinten 2021

Jølster IL inviterer til sprintlangrenn/ skicross i Årdalen lørdag 23 januar kl. 12.00.

Parkering ca 50 meter forbi Jølsterlia Hyttetun med adresse Årdalsvegen 140.
Parkeringsavgift kr. 50 til VIPPS nr. 86711 for dei som ikkje har betalt årsavgift.

Rennet går i fri teknikk med intervallstart i prolog.

Klasse 10 år og yngre går kun prolog og her vert ikkje teke tid.

Klasse 11 år og eldre går først prolog og deretter går alle eit heat etter tid frå prologen. Alle klassane vert her slått i hop og alle får lik premie.

Startkontingent kr 50,- vert fakturert klubbane etter rennet.

Premiering

Alle får premie og hentar den sjølv når ein kjem i mål.

Løype

Løypa er ca 600 meter og går i skileikanlegget. Dei aller yngste(6 år og yngre) går kortare.

Påmelding

Online påmelding på minidrett innan onsdag 20.01 kl. 23.59. På grunn av koronareglar skal også føresatte som skal vere med utøvarane melde seg på. Det er fordi vi skal ha kontroll på kor mange som kjem.

Smittevern/ Covid 19

Alle gjeldande reglar må følgast. Vi minner spesielt om at personer med symptom på luftveggssjukdom/ covid 19 ikkje kan komme til området. Det skal haldast minst 1 meters avstand. Vi vil gjerne at løparar / foresatte forlet skileikområdet raskt etter målgang. Det vert ingen moglegheit til å gå innendørs og vi har heller ikkje toalett. Alle som skal vere i området under rennet skal registrerast ved ankomst.

Rennleiar

Finn Årdal

Tlf: 970 99 454

Epost: finn@jolsterlia.no

Jølster IL Langrenn ønskjer alle velkommen til skimoro i Årdalen!